



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		22/290

BUSETTING AV FLYKTNINGAR FRÅ UKRAINA 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil, i tråd med oppmoding frå IMDi, busette 35 flyktningar i 2022.

Kommunestyret - Sak 28/2022

KOM - Behandling:

Erlend Hesjedal-Johannessen oppmodar kommunedirektøren om at kommunestyret vert orientert om status for flyktningar i Vaksdal ved kvart kommunestyremøte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune vil, i tråd med oppmoding frå IMDi, busette 35 flyktningar i 2022.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

IMDi har i brev, motteke 18.03.2022 oppmoda Vaksdal kommunen om å busette 35 flyktningar i 2022. Dei har fått eit førebels svar om at kommunestyret skal handsama saka 29. mars 2022.

IMDi skriv følgjande om bakgrunn for busettingstala:

«Hausten 2021 oppmoda IMDi 212 kommunar om å busette til saman 5 500 flyktningar i 2022. Dette var før krigen i Ukraina braut ut. Krigen i Ukraina har ført til at behovet for busetting har stege monaleg. IMDi varsla alle kommunane i landet om dette i brev datert 4. mars. Dei nyaste prognosane viser at behovet for busetting i 2022 er berekna til å vere om lag 35 000 personar. Inkludert i dette talet er 400 einslege mindreårige. IMDi har i samråd med KS fordelt dette talet på alle kommunar i

landet.

Talet som ligg til grunn for denne nye oppmodinga inneber ein auke på kring 30 000 busettingsplassar. Dette talet er samstundes usikkert på det noverande tidspunktet. Vi veit ikkje kor lenge krigen i Ukraina vil vare, eller kor mange som vil komme til Noreg, verken på kort eller på lengre sikt. Samstundes legg vi til grunn at inntekstane blir store. Tilkomstar som kan følge av ein solidaritetsordning mellom dei europeiske landa er ikkje inkludert i prognosane på det noverande tidspunktet.

I tillegg til ukrainske flyktningar, er det også andre grupper som skal busettast i 2022. Det er derfor viktig at kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i tråd med det samla behovet.»

Vaksdal kommunen har busett flyktningar sidan 2009, 40 flyktningar i perioden 2009 – 2011, 18 flyktningar i perioden 2012-2014 og om lag 100 i perioden 2015 -2021. Kommunen sitt tenesteapparat som flyktningetenesta, helsetenesta, Nav, barnehage, skule og eigedomstenesta har over tid bygt opp kompetanse og bidrar alle til ei god busetjing, kvalifisering og integrering av flyktningane. Opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne vil verta gjennomført på Voss.

Det er begrensa tilgang på kommunale husvære, men kommunen har eit godt samarbeid med private huseigarar og fleire private huseigarar har meld inn boligar dei siste vekene. Dei fleste vert i dag busett i private husvære som kommunen leiger, det gir meir spreidd busetjing og bidrar til god integrering. Dei har og høve til å finne bustad sjølve om dei ønskjer det. Mange einslege flyktningar bur i bufelleskap med andre. Gjennom ordninga om framleie og bufelleskap sikrar vi at busetningskostnadane vert akseptable for flyktningane slik at dei kan klare seg på eigne inntekter som introduksjonsstønad og ev. deltidsjobb.

Integreringstilskot utgjer saman med tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag i stor grad det økonomiske grunnlaget for busetjing- og integreringsarbeid i kommunane. Andre tilskot vert gitt til særlege satsingar, t.d mindreårige flyktningar. Integreringstilskotet vert tildelt over ein periode på 5 år. Overskot i enkeltår vert sett av til fond for å dekkje kostnadar seinare år, jf. kommunestyrevedtak. Det har tidlegare år ikkje vore naudsynt med tilleggsløyvingar frå kommunen, tilskotet har vore tilstrekkeleg.

Vurdering

Krigen i Ukraina har ført til auka behov for busetting av flyktningar. Vaksdal kommune har kapasitet og kompetanse til å ta imot tal flyktningar som kommunen vert oppmoda om. IMDi har stønadsordningar som legg til rette for at kommunane skal kunne auke kapasitet i tråd med behov.